

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested:	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Møterom Stølen, Skrautvålsvegen 77 2900 Fagernes	28.08.2019

Sak nr :

RS 51-/-19 Prosjekt Aksjon Aqua, status

I Handlingsplanen for 2019 vart det vedteke eit miljøprosjekt som skulle bidra til haldningsendring og eit mindre forsøpla Valdres. Me søkte, og fekk kr 300.000 frå Miljødirektoratets «Tilskudd til tiltak mot maritim forsøpling», dette var nær ei dobling av det vi hadde lagt inn i budsjettet i HP. Prosjektet fekk namnet «Aksjon Aqua – Reine Vatn i Valdres» og vart sparka i gang med Strandryddeveka og Strandryddedagen 4. mai, ref. orienteringssak under regionstyremøtet 24. april.

Strandryddeveka samla inn minimum fire tonn søppel frå vassdraga i Valdres. I bakkant av Strandryddeveka bad vi om tips om ekstra forsøpla områder som prosjektet vil rydde opp med prosjektmidlar. Grunna svært høg vasstand i juni, vart desse aksjonane utsett til etter sommaren. No er vi i gang med å planleggje og gjennomføre 6-7 ryddeaksjonar i samarbeid med Naturvernforbundet og VKR.

Prosjektet vert evaluert fortløpande, og vi meiner å sjå både gode resultat og behov for vidare arbeid med haldningar og konkrete ryddeaksjonar i Valdres. Difor ynskjer vi å søkje midlar og fortsette arbeidet også i 2020 i samarbeid med Naturvernforbundet og VKR og andre interessentar.

Det blir gjeve ei breiare orientering i styremøte.

Forslag til vedtak:

Regionstyret tek orienteringa til orientering.

Regionstyret ber prosjektet vurdere kva tiltak ein kan følge opp samla og at denne tilråding blir teke inn i handlingsplanen til VNK for 2020

Vedtak:

sign.

Utskrift sendt til